Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8 | Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Vinje

Emne: Brit og brom | Bygdelag: Smørklepp

Oppskr. av: Ketil Rui | Gard: Rui

(adresse): Vinjesvingen | G.nr. 70 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. No er det slutt med å bruke bit og ris som hjelpefor. Det var serleg bjørk som vart nytta.

2. Det vart gjerne gjort skil på bit og ris. Dei sa at dei hogg bit eller at dei drog heim bit. Noko serlaga verb hadde dei ikkje for dette, derimot hadde dei ein serskildt stade til og droga bitet heim på „beitekjåkkjen" Å taka heim ris heiter – å risa - risar - risa - risa.

3. Fyrr var det vanleg at dei drog heim, eller køyrde heim, vetter seinare i heile tre noko etter kvart. Riset vart hogge i skogen og bore heim i kjerver. Det vart helst gjort på vårkanten og langt ut på våren.

4. Til å risa brukast ein „lauvhogg" Det er ein kniv med skaft i den eine enden og ein krum nebb i den andre so ein kan skjera av renningen ved å draga til seg.



Lauvhogg

2324

5. Både kyr, geit og sau fekk, men det var vel serleg kyr og geit som åt so det verkeleg var noko hjelp. Dei fekk det altid for seg sjølv.

6. Riset fekk dyri inne. Beitt var det vanleg at dei tok ute. Beitekosten vart rist opp mot „beitewesten" og riset hogge av. Sume det dyri bite av riset på trei og desse vart riste opp etterpå. Det er omlag ein mannsalder sidan det vart slutt med løyse kyrne so dei fekk bite beit og drikke ute.

7. Sume stikken kjennen og ikkje til. Eg har høyrt at dei skulde ha noko sers tungt og vondt arbeid den dagen, men kva dei skulle gjera har eg aldri høyrt.

2324

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING